

Verdas lengste sjømatbord 2015

Innleiing

Festivalen «Verdas lengste sjømatbord» vart for første gong arrangert sommaren 2014 som eit mobiliseringstiltak i Lindåsbygda. Dette skjedde i samband med at prosjektet «Lindåsbygda og slusene – Frå oske til eld» vart tatt opp som assosiert prosjekt med stimuleringsmidlar i LivOgLyst-satsinga i Hordaland i 2014. I desember 2014 bestemte Fylkestinget at LivOgLyst skulle avviklast, og ingen nye prosjekt vart tatt opp. Bygdefolket hadde allereie under evaluering av arrangementet 2014 bestemt at arrangementet skulle vidareutviklast og gjennomførast i 2015.

Arrangementet som vart gjennomført i 2014 var ein stor suksess både når det gjeld publikumstal og utvikling av samhald og fellesinnsats i bygda. Når spørsmålet kom opp om vi skulle gjennomføre liknande arrangement neste år, var det et rungande «ja» frå bygda. Viser til vedlegget «Verdas lengste sjømatbord – Rapport».

Mål med arrangementet

Det er fleire viktige mål med arrangementet

For bygda: Gjere noko gledeleg i fellesskap som skapar tilhøyre, stoltheit og identitet. Skape felles opplevingar og historie både for inngrødde, fråflytta og nytiflytta Lindåsingar. Ein positiv konsekvens vil vere å synliggjere dei ulike aktørane i bygda, auke næringsomsetjing, som igjen kan gje auka næringsgrunnlag i framtida.

For regionen: Bidra til at fastbuande og tilreisande opplever/oppdager Nordhordland som ein spennande og rik plass å bu og besøkje. Marknadsføring av regionen.

For publikum: Tilrettelegge for ei unik oppleving og ein sosial møteplass i historiske omgjevnader. Tilby ulike opplevingar til dei forskjellige målgruppene.

Festivalområde

Festivalområdet er eigentleg heile bygda, med fokusområde i det gamle sentrum på Nedre Lindås i tida kor sjømatbordet føregår. Med bakgrunn i den fantastiske tilstrøyminga av publikum i 2014, ser vi det naudsynt å utvide fokusområdet. Ein vil truleg innlemme Bleikvollen og Lindås Gamle Kai til aktivitetar på dagtid laurdagen. Elles vert det ulike aktivitetar, framsyningar og konsertar både hos reiselivsaktørar og på andre arenaer i bygda heile festivalhelga.

Sjømatbordet vil vere minimum 200m langt og setjast opp i bilvegen mellom Det gamle tinghuset på Lindås og innkøyrsla til Lindås Brygge, kor mat-torget skal vere. Dette krev at vegen må stengast, noko som igjen fordrar fleire vakter som informerer og dirigerer bilar. Krav i samband med stenging av veg avklarast med Statens Vegvesen og Lensmannen.

Raude Kross vil ha medisinsk beredskap i fokusområdet på Nedre Lindås i tida med størst publikumstettheit (dagtid laurdag).

Deltakande aktørar

Noko av tanken bak arrangementet er at bygda sine eigne aktørar skal nytte høvet til å vise seg fram. Dei ulike bidrag og innslag vert klart utover våren. Reiselivsaktørane vil ha varierete tilbod til ulike målgrupper både når det gjeld servering, underhaldning og utstillingar. Kulturaktørar som f.eks Songlaget, Rockeverkstaden og Ungdomslaget vil bidra med underhaldning og førestillingar. Kunstudstillingar frå lokale kunstnarar, båtskyss til Lindåsslusene og Sjøparken, padlemoro vil også vere tilgjengeleg. Det vil vere mattorg i tilknyting til sjømatbordet laurdagen. Her deltek aktørar med lokal mat frå heile Nordhordland og vel så det.

Lindås Kyrkje har 150 års jubileum i 2015. Arbeidsgruppa for jubileumsåret vil nytte høvet til å synleggjere jubileet gjennom aktivitetar i regi av kyrkja i festivalhelga.

Sjømatbordet

Sjølvé sjømatbordet med smakar frå havet vil vere drøyt 200 meter langt med sitjeplassar på begge sider. Sanitetsforeininga vil vere ansvarleg for bordvertar som skal sørge for klargjering og servering. Dei som fyller bordet med sjømat er:

- ✓ Aktørar som deltek med sjømat på torget skal ha smaksprøvar på sjømatbordet.
- ✓ Reiselivsaktørar med storkjøkken. Desse vert truleg største leverandørane til sjømatbordet.
- ✓ Eksterne storkjøken utanfor Lindåsbygda. Det vil truleg vere naudsynt med hjelp frå omkringliggende storkjøken for å førebu all maten som trengs.
- ✓ «Husmødrenes metre». Her oppmodar vi alle til å bidra med sine gode sjømatrettar. Deltaking her skal vere planlagd og følgje retningslinjene vi har frå Mattilsynet.

Alle rettar på bordet vert merkte med kva det er, innhald ift dei mest vanlege allergiar, kven som har laga retten, og om ein finn det på torget. Matsikkerheit på sjømatbordet er avklart og godkjent gjennom avtalar med Mattilsynet.

Årets nye satsingar

Etter fjarårets suksess utvides festivalhelga med følgjande aktivitetar:

- Stort ungdomsarrangement
- Talentiade
- Helaften med gourmet for alle sansane på laurdag kveld
- Spennande førestillingar på Haugatun alle tre dagane
- Utviding av fokusområdet på laurdagen
- Nye møteplassar
- Guinnes rekordforsøk

Forventa besøkjande laurdagen

Det er vanskeleg å anslå talet besøkjande. I fjar var det gratis, så vi hadde ikkje noko telling på kor mange som kom. Fleire anslo nærmare 3000 oppmøtte på laurdagen, noko som var langt meir enn det vi hadde rekna med. Vi veit det kom deltagarar frå Møre og Romsdal, fleire byar i Sogn og Fjordane, fleire stader på Austlandet og heile Hordaland for å få med seg dette arrangementet.

Med tanke på dei gode tilbakemeldingane frå publikum i fjar, kan vi rekne med at det kjem minst like mange i år, kanskje fleire. I år vil det vere inngangsbillett til fokusområdet på laurdagen.

Næringsutvikling

Arrangementet har med seg fleire næringsaktørar, og som i fjar vil reiselivsaktørane ver tungt inne. I år ynskjer også Lindås Senter å bidra med aktivitet og tilrettelagde opningstider, då dei erfarte stor tilstrøyming til butikkane under arrangementet i fjar. Vi ser at arrangementet er ein katalysator for auka omsetjing for næringslivet i bygda, kor vi også har fått tilbakemelding om omsetjingsrekord! Med bakgrunn i den auka aktiviteten, som bidreg til større tilstrøyming av kundar, vart det i fjar blant anna etablert ei ny kreativ næring her. Eit anna resultat er at allereie etablert næringsliv vågar satse friskare på produktutvikling, som f eks konseptet Smak av Lindås. Dette er ein symbiose mellom lokalmat, lokal kultur og lokal kunst som saman skaper eit unikt produkt for bygda.

Organisering

Prosjektansvarleg: Nordhordland Næringshage

Prosjektleiar: Elisabeth Tonheim

Koordinerande leiargruppe: Hilde Sandnes, Knut Magnussen, Reidun Fauske, Elisabeth Tonheim.

Leiargruppa er ansvarleg for å ha oversikt over arrangementet som heilheit. I dette ligg søknader/felles kostnader, oppsett av program med koordinering av aktivitetar, dra inn dei rette ressursane/ansvarlege på dei rette plassane og elles overordna aktivitetar.

Kokkegruppa: Janicke Nilsen, Heidi Spjeldnes, Tomas Johannessen, Renata. Desse er ansvarleg for fordeling og oppsett av mat som skal serverast på sjømatbordet. Innhenting/avtaler med eksterne aktørar til bidrag av rettar.

Andre ressurspersonar som vert trekt inn undervegs i planlegginga: Heidi Tykhelle (leiari for Sanitetsforeininga/bordvertane), Jon Thorson og John Helge Walderhaug (leiari for idrettslaget/parkeringsvaktene), Erik Borchus (leiari Kiwi Lindås), Tor Mjelstad (sjef for møblering)

Fordelen vi har i år er at dei fleste i bygda har eit bilet av arrangementet, og at det er stor entusiasme i bygda om å arrangere igjen. Det betyr at det er enklare for enkeltpersonar å melde seg til teneste/innsats der det trengs.

Budsjett og finansieringsplan

I kostnadsoversikta tek vi med fellesaktivitetar og kostnader knytt til det bygda står saman om å gjennomføre. Dei ulike aktivitetane/underhaldning den einskilde aktør i bygda tilbyr utanom sjømatbordet og brunsjen, er billettfinansierte. Her vil både risiko og inntekt vere den enkelte aktør sitt ansvar (konsertar, show, underhaldning ol). For at arrangementet skal framstå som ein heilheit vil alle tilbod og aktivitetar i bygda denne helga sys saman og bli marknadsført og synleggjort gjennom felles programhefte, brosjyre, info på heimesidene www.lindasbygda.no, www.sjomatbordet.no og Facebooksida.

Budsjett		Finansiering	
Parkeringsvakter	9000	Inngangsbillett	150000
Musikk	10000	Lotteri	25000
Lyd	10000	Kulturmidlar kommunen	25000
Råvarer sjømatbord (lør)	150000	HFK kultur/næring	50000
Drikke/brød sjømatbord	12000	Sal program	5000
Råvarer brunsj (søn)	8000	Spons	40000
Marknadsføring/program	15000	Eigeninnsats	50000
Teltleige/bord/benk	25000	Billett brunsj	5000
Toalettleige	8000	Regionrådet	10000
Strøm/utstyr torg	3500	Næringsfond Lindås	25000
Leiing/Organisering	70000	Sildesalslaget	5000
Tilbereding mat	50000	Standavgift torg	3500
Div rengj, papir, engangs mm	15000		
Sanitet Røde kors 2 lag	3000		
Eliasbåten	5000		
	393500		393500